



Tur på Skorpo kan vera ei av pakketilboda (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter initiativ frå Uskedalen Utvikling er det no danna ei arbeidsgruppe som skal laga framlegg til opplevingspakkar for tilreisande grupper. Førebels sit Kristian Bringedal, Elin Enes, Morten Nilsen, Bente Nilsen og Magne Huglen i gruppa, men også Marit Hjørnevåg, Inga Miljeteig og Gunnhild Nilsen er invitert inn.

Målgruppa vil vera firma, personalgrupper, turistgrupper, venegrupper og cruisebåtgjester og gruppene bør ha 35 eller fleire med. Det vert understreka etter det første møtet at pakkane skal prisast ut på eit kommersielt grunnlag.

Drøftinga på dette møtet tok utgangspunkt i kva Uskedalen har å tilby desse gruppene, kven som gjer kva og til kva tid, korleis tilboda skal profilerast og kven som tek eit koordinerande ansvar.

Til neste møte skal det lagast og prisast maksimum 5 pakkar, det skal leggst fram ei skisse for sal og profilering og det skal jobbast med guida turar, for å nemne nokre arbeidsoppgåver.

Nokre av ideane som kom fram var desse:

- * Fjelltur og mat
- * Bygdevandring med buss og mat/oplevingar
- * Bygdevandring i sentrum med mat
- * Hjørtejakt med mat og program
- * Fjellklatring med mat og program
- * Tilbod for båt- og campinggjester med mat
- * Natur- og kulturhistorisk tur på Skorpo med mat

* Elvefiske med mat

Av Ola Matti Mathisen